

Den lange vegen attende til jobb

Vegen frå å bli sjuk og til å kome seg ut att i arbeid, kan vere lang og kronglete. Då er det godt å få bistand på vegen.

Det er ikkje lett å halde seg fast i «virkeligheten og forstanden», når livet brått endrar kurs fordi ein blir sjuk eller skada. Dei planer ein hadde for framtida, må forkastast. Nye planer må leggjast. Og oppi alt dette skal ein finne att seg sjølv. Eg har fått kjenne på kroppen korleis denne lange vegen er. Heldigvis har eg fått god hjelp.

Eg fekk, via NAV, tilbod om arbeidstiltaket Arbeid med bistand medan eg framleis budde på Dalekvam i Hordaland. Birgit Semundseth var min tilretteleggjar. Ho hjalp meg med å søke om praksisplassar etter eg var ferdig med omskulering. Me fekk napp med ei gong. Eg fekk prøve meg som journalist i Fiskeribladet Fiskaren i Bergen. Der var eg i nærare seks månadar, før familien min og eg flytta til Torpo.

Då eg kom hit, tok eg meg ein tur på NAV, og spurte om eg

kunne nytte same tiltaket her også, i og med at eg ikkje vart ferdig utprøvd før eg flytta.

Dette gjekk i orden. VINN organiserer Arbeid med Bistand og tilretteleggjar der, Steinar Aurmo, vart den nye samarbeidsparten min. Han kontakta Hallingdølen, og eg fekk meg ny praksisplass. Der var eg på utprøving i nærare 9 månader. Denne utprøvinga viste at eg ikkje hadde helse til å jobbe meir enn 50%. Men for meg betydde det mykje det at eg faktisk var i stand til å jobbe. Eg hadde fått prøvd meg ut, og såg at eg faktisk hadde noko å tilby. Det gjorde utruleg godt for sjølvtiliten min. Då praksisperioden var omme, gjekk eg over til å jobbe som frilansar for blant anna Hallingdølen, samtidig som eg vart vurdert som 50 % ufør. Dette fungerer greitt, men sjølv sagt skulle eg av og til ynskje at eg hadde ein fast jobb å gå til. Å vere frilansar betyr at



eg styrer arbeidsdagane mine noko på eigenhand.

Vegen tilbake til jobb har vore arbeidsam. Eg begynte på den lange vegen i 2003, og først etter 10 år som både sjukemeldt, i barsel, gjennom omskulering og Arbeid med bistand, kunne eg endeleg motta den første lønninga mi. Det var eit stort

øyeblikk for meg, og eg må innrømme at eg skolv på hendane då eg opna lønningskonvolutten.

Ein milepæl var oppnådd. Endeleg var eg tilbake i arbeidslivet.

Liv Torunn Torpe

Fakta

**Mange ulike menneske nyttar VINN sine tenester
Det kan vere personar med:**

- Fysiske begrensingar
- Psykiske begrensingar
- Psykisk utviklingshemming
- Sosiale vanskar
- Muskel – og skjelettplager
- Rusrelaterte problem
- Skader etter ulykker
- Personar som er i ferd med å skifte jobb og treng omskulering
- Skuleelevar som får praktisk opplæring og arbeidserfaring
- Personar frå andre kulturar som blir kjent med norsk arbeidsliv samtidig som dei lærer norsk

Gratulerer med 25-års jubileet!

Det er kommunene i Hallingdal som eier den flotte attføringsbedriften VINN AS Hallingdal som nå er blitt 25 år. Det er det grunn til å feire – både for brukerne, ansatte, eiere, kunder og samarbeidspartnere. Alle har bidratt til at bedriften i dag framstår som en viktig samfunnsaktør i Hallingdal. VINN har gjennom 25 år gitt utallige personer arbeidstrening og kvalifisering for å komme i ordinært lønnet arbeid.

Utviklingen fra 1989 til i dag har vært stor. Det startet med et tilbud for 20 personer. I



dag er ca. 120 personer innom VINN i løpet av et år. Det er fokus på individuell tilpassing og gjennomstrømming. Endringer i rammevilkårene for attføringsbedrifter setter krav til tilpassing og nytenking. Det er et ønske for framtida å få flere samarbeidsavtaler med bedrifter om arbeidstrening. Det er også et ønske om flere kunder – bedrifter og privatpersoner – til kjøp av varer og tjenester som VINN kan tilby.

VINN leverer produkter av høy kvalitet. Her kan en få kjøpt pakkede vedsekker til hus og

hytter, vaskeriet ved VINN tar imot tøy fra bedrifter og privatpersoner, en kan få kjøpt utebenker- og bord og få sydd gardiner og trukket om møbler. VINN tilbyr også frukt på arbeidsplassen, «Jobbfrukt». Styret ber deg derfor ta deg tid til å lese denne jubileumssavisa og se om det er noe du kan ha bruk for eller bidra med.

Styret takker alle samarbeidspartnere som har gjort det mulig å beholde og utvikle VINN som en medspiller i samfunnets tjeneste gjennom 25 år.

På vegne av styret, Liv Juchelka (styreleder)